



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 12.05.2022  
**Møtestad:** Kilstraumen Brygge  
**Møtetid:** 10:45-12:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP
Lise Renate Helle	SP
Marita Terese Bru	BIA
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Jan Nordø	BIA	Varamedlem
Magnus Kvingedal	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem
Linda Helen Skålevik Syslak	SP	Varamedlem

### Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel,  
Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
028/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/22	Godkjenning av møteprotokoll
030/22	Meldingar
031/22	Orienteringssak
032/22	Godkjenning av avtale med stiftinga Miljøfyrtårn
037/22	Tilleggsføring til prosjektet for opprusting av skulane Kaland og Årås

## **028/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Per Lerøy (Ap) spurte om det kunne leggest fram ei eiga sak om løyving til skulane/prisar. Dette sa kommunestyret ja til, den vart handsama til sist i møtet.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 028/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Ny sak om løyving til skulane/prisar kjem til sist i møtet.

---

## **029/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Jan Nordø (Bygdelista) ba om at det vart retta i protokollen frå sist at det var Jan Erik Espelid som hadde møtt for partiet.

Møtesekretæren noterte rettinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med retting om Espelid/Bygdelista.

### **KS - 029/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent, med retting om Espelid/Bygdelista.

---

## **030/22: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om brevet frå Statsforvaltar i høve budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 030/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

## **031/22: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni. Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

### **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å gje høyringsuttale til politireforma foreslått av: Per Lerøy

Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni. Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om innspel til politireforma.

Kan ikkje venta fleire kontor, men at det er tilgjengeleg personell og at patruljane er synlege i distriktet.

Kommunedirektør ba om at ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til

reforma innan fristen 1. juni.

Ordførar Per Lerøy sa at regionen vil kommentera at kontoret på Hosteland i praksis ikkje er bemanna, og at det gjev lang uttrykkingstid til Gulen, Solund og Masfjorden. Må vera mogleg å ha kontor der, og etterforska saker andre stader. Slik kan ein få ned uttrykkingstida til ytre deler av regionen.

Om ein hadde kontor i Austrheim så ville det gitt ein base å jobba ut i frå, om så at den ikkje alltid var bemanna. Kan gjerne vera saman med brannvesen og anna blålys. Politiet kan også spara ressursar, ved at det ikkje er personell frå Flesland som skal handtera mannskapsskift på Mongstad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det hadde vore naturleg med eit kontor i nordre delen av regionen.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ikkje er kontoret som er viktigast, som uansett vil vera lite bemanna, men at politiet er delaktige og synlege i miljøet

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig å spissa denne uttalen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det innspelet som vert gitt, også er i tråd med politiet sine ønskje. Det er ting å ta fatt i for politiet, mellom anna med tanke på bilkjøring.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å gje ordførar og kommunedirektør fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni.

Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

### **KS - 031/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni.

Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

---

## **032/22: Godkjenning av avtale med stiftinga Miljøfyrtårn**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune blir partner i Miljøfyrtårnnettverket med dei forplikingane dette inneber, slik at både offentlege og private verksemdar i kommunen kan sertifiserast som Miljøfyrtårn.

## **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Britt Mary Skaalevik Lerøy, Ap, spurte om det er rett tidspunkt no å ta partnermedlemskap, eller om ein skal venta, med tanke på om kommunen har ressursar til dette no.

Odd Harald Dommersnes svara at det er ikkje vil gå med meir ressursar enn i dag, men ein vil vera sertifisert til å godkjenna seg sjølv, og får ta del i fagsamlingar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta Skaalevik Lerøy (Ap) at ein kanskje kan venta. Det er ein kostnad her, Dyrkolbotn sakna at det økonomiske var utgreidd i saka her, og kva med den 40 prosent stillinga som er sett av til dette.

Odd Harald Dommersnes svara at den 40 prosent stillinga som koordinator for miljøfyrtårn har vore utlyst internt før tilsetting, og at det har vore orientert om dette tidlegare. Det er ei treårig prosjektstilling på 40%,

Jan Nordø (Bygdelista) sa at Bygdelista er positiv til dette, og støttar framlegget til vedtak. Ba om at bedrifter som skal ta oppdrag for kommunen skal vera miljøsertifiserte.

Per Lerøy (Ap) sa at det er innsparingar å henta i miljøarbeidet, redusert forbruk er reduserte kostnader. Miljøatsinga kan også brukast i marknadsføring.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein del bedrifter kan vegra seg for å gje tilbud dersom det er krav om

miljøsertifisering.

Inger Lise Brekke (H) sa at når kommunen først har starta med miljøsertifisering, så må ein halda på dette.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det i kommunen sitt område må jobbast med fleire aktørar som har store utslepp.

Reidar Ulvøy (Ap) støtta framlegget om å bli partner, og sa at ein må ligga frampå og jobba vidare med dette, og ikkje leggja seg bakpå!

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 032/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune blir partner i Miljøfyrtårnnettverket med dei forplikingane dette inneber, slik at både offentlege og private verksemder i kommunen kan sertifiserast som Miljøfyrtårn.

---

## **037/22: Tilleggslyving til prosjektet for opprusting av skulane Kaland og Årås**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret utvidar ramma til 45,6 millionar kroner, til prosjektet for opprusting av skulane Kaland og Årås.

### **12.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaminga av denne saka skjedde bak lukka dører, jamfør Forvaltningslova § 13.2 og Forskrift om offentlige anskaffelser § 7-4.

Tilstades utanom kommunestyret var kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel, kommunalsjef forvaltning og service Thomas Lindås, kommunalsjef oppvekst og kultur Trine M. Jansen og møtesekretær Ketil Tjore.

Kommunalsjef Thomas Lindås viste til at det er viktig at handsaminga er lukka, det kan gje erstatningssøksmål og vil gjera konkurransen ugyldig om opplysningar kjem ut.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein ikkje klarer å halda ramma med dei prisane som er komne inn, og at kommunestyret anten må kutta i prosjektet eller utvida ramma. Utvida ramme må inn i økonomiplanen, der ligg det 20 millionar i 2022 og resten må lånast i 2023.

Jan Nordø (Bygdelista) spurte om han kan diskutera saka med styret i partiet, fekk svar at det kan han ikkje.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at vedtaket om å auka ramma vil vera ope, det stadfesta Fjellhaug.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at kva som er den samla ramma er ope, dette inkluderer eigeninnsats og er større enn tilboda. Men må vera forsiktige med å dela informasjon.

Rolf Henning Myrmel sa at ein har forlenga fristen for å gje anbod to gonger for å få tilbod, kommunen har vore aktive i marknaden for å få inn tilbod.

Dei som leverer seier at det er vanskeleg å få inn prisar frå underleverandørar, på grunn av usikkerheit i marknaden, og risiko for prisstiging frå tilbod til levering.

Har no to tilbod som er aktuelle, etter at ein har forhandla ned tilboda. Skal ha fleire møte før kontrakt, håpar det kan skrivast kontrakt i slutten av mai. Trur ein har skvisa dette ned så mykje som det er mogleg. Reknestykket no er 45,6 millionar, det er der ein står i dag. Trur at ein ny runde ikkje vil gje rimelegare prisar, har måtta jobba for å få tilbod i det heile.

Prisen inkluderer til saman ein million i opsjonar, som er riving av bygg, ventilasjonsanlegg og anna. Ser ikkje at dette bør takast ut av prosjektet. Er nokre kostnader på grunn av miljøfyrtårn-statusen, 95

prosent sortering for riving, biodiesel, elbilar for dei som skal kjøra til og frå arbeid, Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunedirektøren rår til at ein utvidar ramma og gjer jobben skikkeleg når ein først er i gang.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at alternativa er å ta vekk deler av prosjektet, då vert det å stoppa arbeidet med Kaland eller Årås. Ser at ein kan auka ramma med ti millionar til, men då må slutfaktura og siste låneopptak vera i 2023. Tiltrår ikkje å ta ut ventilasjonsanlegg eller å venta med riving av bygg ein ikkje skal ha.

Inger Lise Brekke (H) spurte om tidlegare ramme, fekk til svar at den var 35 millionar kroner og aukar til 45. Brekke sa vidare at det er gambling å venta for å satsa på at prisane går ned igjen. Kven veit om prisane går ned igjen etter dagens situasjon.

Rolf Henning Myrmel sa at det er marginane for usikkerheiter ein har forhandla ned no med 6 millionar slik at utbyggar no har heile risikoen.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om entrepriseform, dette er totalentreprise svara Myrmel.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig at dette med skulane vert gjort, slik at det er på plass for dei som ein ønskjer skal bu i Austrheim. Når det gjeld miljøsertifisering, vel ein firma som har dette, eller skal dei investera i dette no?

Øksnes sa vidare at det ikkje er sikkert at byggekosten går ned når krigen tar slutt, for då er det eit stort land som skal byggast opp igjen. Må berre gå i gang med dette no.

Rolf Henning Myrmel svara Øksnes at ein krev den miljøsertifiseringa som marknaden legg opp til, og det som er realistisk. Etterspør det som bedriftene alt har på plass, som biodiesel og elektriske bilar.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om deling mellom Kaland og Årås. Her svara Myrmel at han ikkje kan seia noko detaljert om delinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om økonomiske konsekvensar av dette. Kommunedirektøren svara at det må kanskje skyvast på andre investeringar, der 2023 vert eit tøft år med tanke på låneopptak.

Per Lerøy (Ap) viste til ein stoppa skuleutbygging på Kaland tidlegare før det var ferdig, og ba om ein unngår å gjera ting halvvegs. Rår til at ein slår til og gjer dette ferdig no. Viktig med gode skular, mellom anna for at familiar skal flytta til Austrheim.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte kvifor ein ikkje har klart å få tilbod frå lokale tilbydarar. Her svara Myrmel at det er vore dialog med oppfordring til å komma med tilbod, og har gjeve utsette fristar for komma med tilbod, men dei lokale kasta inn handkledet og vil ikkje gje pris.

Gro Kaland (Sp) spurte om framdrift, her svara Myrmel at det varierte mellom januar 2023 og sommarferien 2023 i tilboda. Framdriftsplanen seier ferdigstilling til rundt påske 2023. Ønskjer ikkje så kort byggetid at det vert vanskar opp mot parallell skuledrift.

Gro Kaland (Sp) spurte om riving av Kaland 1, her svara Myrmel at det skjer i sommarferien eller i haustferien, skal klara dette på ei veke.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det kan finansierast med midlar frå sal av eigedomsselskapet, treng ikkje låna meir, men betala ned mindre på tidlegare gjeld.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug ba om at ein får svaret i dette møtet.

Inger Lise Brekke (H) ba om at det vart orientert i seinare møte kva følgjer denne omprioriteringa vil ha.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) sa at det er kommunen som er uheldig som skal bygga midt oppe i dette. Når det først skal gjerast, så er det viktig med god oppfølging undervegs i prosjektet.

Per Lerøy (Ap) sa at estimatet etter han syn var lågt, slik at reell kostnadsauke ikkje er så stor

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig at ein ikkje legg dette kostnadsnivået til grunn inn i framtidige kontraktar, for prisane vil gå nedover igjen, anten det er energi eller anna.

Per Lerøy (Ap) sa at han rår til at dette vert fullført som tilrådd.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 037/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret utvidar ramma til 45,6 millionar kroner, til prosjektet for opprusting av skulane Kaland og Årås.

